



Referat

Underutval for pleie- og omsorg Voss lokalsjukehusområde

Dato og tidspunkt:	13.09.22 Kl 10 – 11.30
Møtestad:	Voss sjukehus
Møteleiar:	Gunn Iren Hovda Engvold
Til stades:	Ranveig Herheim, kirurgisk sengepost. Sissel-Marie Finne, medisinsk sengepost. Margunn Lægreid, Eidfjord kommune. Siw Marlene Bolstad, Ulvik herad. Arnhild Vethe, Voss herad.
Fråfall utan vara:	Elfrid Oma, Kvam herad. Sigrun Stamnes Vik, Vaksdal kommune
Referent:	Siw Marlene Bolstad

Nr.	Saksliste	Sakstype (Vedtak Drøfting Orientering)	Vedlegg
12/22	Godkjenning av innkalling og saksliste Samrøystes vedtak: Underutvalet for pleie og omsorg Voss lokalsjukehusområde godkjenner innkalling og saksliste..	V	
13/22	Godkjenning av referat frå møte i underutvalet den 10.05.22 Samrøystes vedtak: Underutvalet for pleie og omsorg Voss lokalsjukehusområde godkjenner referatet frå møte 10.05.22	V	
14/22	Samarbeid og samhandling Hospitering Me snakka igjen om mogelegheita for å starte opp att med gjensidig hospitering. Ranveig og Sissel-Marie utarbeida for nokre år sidan ein hospiteringsplakat. Her skal det koma fram kva kommunane kan tilby av hospitering til sjukehuspersonal. Kommunane skal til neste møte sjå	D/O	

over og eventuelt koma med kommentarar til teksten/endre teksten ut frå kva ein kan tilby.

Føremålet med gjensidig hospitering er at helsepersonell på tvers av kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta skal kjenne til kvarandre sitt arbeid, i tillegg til kompetanseheving.

Innspel frå Elfrid pr. epost; Kvam har ikkje lenger dialysesatelitt.

Inn- og utskriving av pasientar

Eidfjord:

Opplev stort sett at det meste går bra. Har opplevd utskriving på helg. Med. og kir./orto. sengepost fortel at dei i størst mogeleg grad forsøker å unngå dette, men at det på bakgrunn av høgt pasienttal og korridorpatientar i nokre tilfelle ikkje har vore til å unngå. Kommunen skal ha fått opplysningar i forkant av utskriving på at det er mogeleg det vert utskriving på helg.

Ulvik:

Opplev god dialog med sjukehuset, stort sett. Oppmodar sjukepleiarar på sengepostane til å sende dialogmeldingar til sjukepleieteneste og ikkje saksbehandlarteneste. Då er det lettare for sjukepleiarane som tek imot dialogmeldingar å få dei inn i tenestejournal. Det er ikkje alle som har tilgang til sakshandsamarjournal og det gjer det noko usikkert med tanke på å oppdage eventuelle utskrivingssklare pasientar. Mogeleg det ved nye brukarar/pasientar kun går an å sende til sakshandsamarjournal.



Opplevd ein gong at det ikkje vart sendt melding om utskrivingssklar pasient, kun nemnt i sjukepleiarjournal. Pasienten vart liggande eitt ekstra døger. Det er legane på sjukehuset som skal sende utskrivingssmeldinga til kommunen, og ein vert ikkje økonomisk belasta dersom dette ikkje er gjort.

Voss:

Har hatt eit par opplevingar der tidlegmelding og utskriving vart meldt på same tidspunkt, ein fredag ca kl 14.00. Dette er særst uheldig og skal i utgangspunktet ikkje førekoma.

Eit hjartesukk frå avdelingsleiarane ved institusjonane om at sjukehuset ikkje må leggje føringar for korleis pasienten skal verte motteken i kommunen. Det har vorte opplevd at pasienten har fått førespegla eit heimebesøk eller eit korttidsopphald frå sjukehuset si side, utan at det treng å vera kommunen si avgjerdsle.

	<p>Sjukehuset:</p> <p>Oppmodar kommunane til å lese rapportar sendt frå sjukehuset nøye, og sjå etter informasjon før ein henvender seg til sjukehuset for meir informasjon. Dei opplev at det nokre gonger vert spurt opp att om informasjon som allereie er sendt ut.</p> <p>Minner også på at ein i utgangspunktet ikkje skal be om sjukehuset si vurdering på korttidsplass/heim, då dette er kommunen sitt ansvar å vurdere.</p> <p>Aktuelle driftsendringar</p> <p>Sjukehuset:</p> <p>Omorganiseringsprosess pågår framleis. Det er gjort vedtak på organisasjonskart, og ein arbeidar vidare med kompetansekrav og å få på plass framtidige nivå 3-leiarar.</p> <p>Avdelingssjukepleiar på kirurgisk/ortopedisk skal gå av med pensjon, Ranveig Herheim er ny konstituert avdelingssjukepleiar.</p> <p>Det er tilsett to nye ass.dir; Birger Norderud Lærum (lege) og Gunn Iren Hovda Engvold (sjukepleiar).</p> <p>CT maskina på Voss sjukehus skal bytast ut, og det vert nedetid på denne frå måndag 19.09 – 03.10. Truleg har ikkje dette stor påverknad på kommunane, men ein kan oppleve auka responstid på grønne turar med ambulansen.</p> <p>Voss og Eidfjord har ingen aktuelle driftsendringar å melde om.</p> <p>Ulvik:</p> <p>Framleis noko utfordringar knytt til organsiering etter innflytting i nytt omsorgstun rett i forkant av Covid – 19. Har vore sjukemeldingar på leiarnivå som har strekt ut prosessen.</p>		
15/22	<p>Framtidig leiing av underutvalget</p> <p>Madeleine Skjelde er no seniorrådgjevar på sjukehuset. Ho har leia underutvalget sidan 2014. Det er på tide med ei rullering på kven som sit som leiar i underutvalget. Det er ynskjeleg at kommunane til neste møte kan kome med forslag til rullering. Sjukehuset stiller rom til disposisjon, men ein kan også ha møter ute i kommunane.</p>	O	
16/22	<p>Ymse</p> <p>Møteplan:</p>	O	

	<p>I møtet planla me i utgangspunktet å setje opp nye møter i desember 2022, mars 2023, mai 2023, september 2023 og desember 2023.</p> <p>Vurderer om me skal ha 2 digitale og 2 fysiske møter i året. Dette tek me oppatt i neste møte</p> <p><i>Kommentar: I etterkant av møtet er det noko usikkert kva struktur som vert på underutvala framover, då Samarbeidsrådet har endra form. Møtet i desember vert avhelde som planlagt, med fysisk oppmøte. Gunn Iren kjem med forslag til møtedato.</i></p> <p>Møtelengd: 1,5 time.</p> <p>Det vert oppmoda om at deltakarane melder inn saker til møtet – for å gjere det endå meir matnyttig. Meld saker i god tid.</p> <p>Fysiotenesta:</p> <p>Fysiotenesta på sjukehuset skal sende eiga fysioterapiepikrise til fysioterapitenesta i kommunane. Ein har opplevd at det vert kopiert inn i sjukepleiejournal. Dette er kun meint fordi det kan vere opplysningar som sjukepleietenesta i kommunen har bruk for å vite om i behandlinga av pasienten. Men det skal altså verte sendt eigen frå fysio.</p> <p>Melding frå fysiotenesta på sjukehuset: det er viktig at fysioterapiepikrise vert kvittert ut av rette vedkomande, slik at den kjem fram til rett mottakar. Ved nokre høve har det hendt at informasjon ikkje har kome til rett instans, fordi pleiepersonell har kvittert den ut for tidleg.</p>		
17/22	<p>Vedlegg:</p> <div style="display: flex; justify-content: space-around; align-items: center;"> <div style="text-align: center;">  <p>2019 Gjensidig hospitering i regi</p> </div> <div style="text-align: center;">  <p>IS Fakturering avgjensidig hospiterin</p> </div> </div>	0	

Tidspunkt for neste møte i underutval for pleie og omsorg vert desember 2022, på Voss sjukehus.
Dato kjem ein tilbake til.

Ref. Siw Marlene Bolstad